

SAMMEN
OM



Miljøløftet

REFERAT

Vedlegg nr. 1

Styringsgruppa for Miljøløftet

Møte 7/2023 | **Klokkeslett:** 09:15 - 12:00 | **Dato:** 22.09.2023

Møtested: Jostedalsbreen, Vestlandshuset

Saksbehandlar: Erlend Otterå

Dato: 22.09.2023

| | Navn | Part |
|-------------------------|----------------------|----------------------------------------|
| <i>Møtedeltakarar</i> | Ingrid Dahl Hovland | Vegdirektør, Statens vegvesen |
| | Ruth Grung | Byråd, Bergen kommune |
| | Sara Sekkingstad | Ordfører, Alver kommune |
| | Tom-Georg Indrevik | Ordfører, Øygarden kommune |
| | Siv Høgtun | Ordfører, Askøy kommune |
| | Jon Askeland | Fylkesordfører, Vestland fylkeskommune |
| | Kjell Kvingedal | Direktør, Statsforvalteren |
| | Solveig Paule | Direktør, Jernbanedirektoratet |
| | Terje Sperrevik | Utvalsleiar, Bjørnafjorden kommune |
| | Aina Haugstad | Sekretariatsleiar, Miljøløftet |
| <i>Andre deltakarar</i> | Tone Oppedal | Statens vegvesen |
| | Kristian Hella Bauge | Statens vegvesen |
| | Malin Lerudsmoen | Statens vegvesen |
| | Ørjan Raknes | Alver kommune |
| | Eystein Venneslan | Askøy kommune |
| | Torill Klinker | Vestland fylkeskommune |
| | John Martin Jacobsen | Vestland fylkeskommune |
| | Rune Haugsdal | Vestland fylkeskommune |
| | Ragnhild Dalsbø | Vestland fylkeskommune |
| | Dina Lefdal | Vestland fylkeskommune |
| | Christian Fotland | Bjørnafjorden kommune |
| | Anne-Iren Fagerbakke | Bergen kommune |
| | Roald Aandahl | Bergen kommune |

Saksliste

Saksliste byvekstavtale Bergensområdet

- Sak 73/23 Godkjenning av innkalling og saksliste
- Sak 74/23 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 23.06.2023
- Sak 75/23 Handlingsprogram 2024-2027: Oversikt over lokale vedtak
- Sak 76/23 Omdisponering av belønningsmidlar i Bjørnafjorden (post 66)
- Sak 77/23 Strakstiltak tilrettelegging for sykkel Gulating - Nygårdstangen
- Sak 78/23 Nytt frå Skyss
- Sak 79/23 Fløyfjellstunnelen sør, val av løysing
- Sak 80/23 Trafikkdata og trafikkutvikling i by
- Sak 81/23 Byindeks
- Sak 82/23 Mobilitetsveka 2023
- Sak 83/23 Eventuelt byvekstavtale Bergensområdet

Saksliste bypakke Bergen

- Sak 84/23 Eventuelt bypakke Bergen

Saksliste byvekstavnale Bergensområdet

Sak 73/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste er godkjende.

Sak 74/23 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 23.06.2023

Statens vegvesen viste til vedtaket i sak 66/23 Kostnadsgjennomgang av prosjekt på E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 2-5, der det står at «Statens vegvesen går i dialog med Bergen kommune og legg fram ny sak for styringsgruppa i neste møte.»

Denne saka har blitt noko forseinka, og blir ikkje lagt fram i dag. Saka er under arbeid og kjem i neste møte.

Vedtak: Vedlagt referat er godkjent.

Sak 75/23 Handlingsprogram 2024-2027: Oversikt over lokale vedtak

Aina Haugstad, sekretariatet, orienterte om at Miljøloftets Handlingsprogram 2024-2027 har blitt handsama lokalpolitisk hos alle partane. Alle partane slutta seg til Miljøloftet sitt handlingsprogram. Det vart vist til vedlegg 2 for ei detaljert oversikt over vedtaka, med merknader og protokolltilførsalar. Det er ikkje sett at merknadene får konsekvensar for første år i det vedtekne handlingsprogrammet, men dei kan ha betydning for framtidige rulleringar. Det vart presisert at lokale partar sjølv har ansvar for å følgje opp eigne lokalpolitiske vedtak.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering. Dei lokale partane er sjølv ansvarleg for å ivareta sine politiske vedtak i dei kommande rulleringane av handlingsprogram.

Sak 76/23 Omdisponering av belønningsmidlar i Bjørnafjorden (post 66)

Christian Fotland, Bjørnafjorden kommune, informerte om eit vedtak i Bjørnafjorden kommunestyre 15. juni 2023, om å samle fleire småprosjekt i to større sekkepostar. Omdisponeringa skal gi meir fleksibilitet, og med det sikre betre framdrift.

Vedtak: Styringsgruppa for Miljøloftet godkjenner omdisponert bruk av belønningsmidlar i Bjørnafjorden over post 66, i tråd med vedlegg 3.

Sak 77/23 Strakstiltak tilrettelegging for sykkel Gulating–Nygårdstangen

I møte i styringsgruppa i Miljøloftet 25. mai 2023, sak 59/23, blei det bestemt etablering av ei arbeidsgruppe for å finne kortsiktige løysingar for tilrettelegging for sykkel på strekninga Gulating – Nygårdstangen. John Martin Jacobsen, Vestland fylkeskommune, presenterte rapporten frå arbeidsgruppa. I tråd med tidlegare utgreiingar vart det konkludert med at strekninga er for kompleks til å kunne få til tiltak på kort sikt som gir syklistane eit vesentleg betre, samanhengande og åtskilt tilbod. Arbeidsgruppa tilrår vidare utgreiingar av løysingar for gonge og sykkel på strekninga. Riving av sølvvarefabrikken vart peikt på som eit tiltak med store fordelar for miljøvennleg transport. Arbeidsgruppa tilrår derfor riving av fabrikk.

Kjell Kvingedal, Statsforvaltaren, spurde om det finst strakstiltak med kortare tidshorisont enn riving, eller om ein må vente på ny utgreiing. Anne-Iren Fagerbakke, Bergen kommune, orienterte om at det er vedtatt å rive fabrikkene i gjeldande reguleringsplan, og at Bergen kommune og Vestland fylkeskommune har dialog om moglege løysingar. Ei eventuell riving er avhengig av å bli prioritert i forbindelse med rulling av handlingsprogram.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 78/23 Nytt frå Skyss

Målfrid Vik Sønstabø, direktør Skyss, orienterte om førarsituasjonen på buss og bybane, viste oppdaterte tal på kollektivreisande, samt status på økonomi og kapasitetsvurdering av kollektivlinjene. Det har vore vekst i reiser både på buss, båt og bane i sommar, samanlikna med i fjor. Likevel har ikkje billettinntektene auka som forventa. Konsekvensen av dette, saman med generell prisvekst, er at prognosen for året er at Skyss manglar over 200 millionar kroner i forhold til budsjett.

Ein ny type fleksibel billett har blitt testa ut på 1000 personar og har fått gode tilbakemeldingar. Det er ikkje gjort vedtak på innføring av denne billettløysinga, dette er avhengig rom i budsjettet. Det blei og informert om pilotprosjektet på samkøyring som no er lansert i Askøy og Øygarden, i samarbeid med Nabogo. Prosjektet vil bli evaluert.

I diskusjonen trakk Tom-Georg Indrevik, Øygarden kommune, fram ønske om større bussar som eit mogleg tiltak for betre busskapasitet, mens Ruth Grung, Bergen, etterspurde samarbeid med NAV for høgare sjåførrekruttering. Terje Sperrevik, Bjørnafjorden, tok opp kommunen si inndeling i to takstsoner som ei utfordring for Bjørnafjorden. Det kom innspel frå Øygarden om alternative billettsystem der ein betalar per kilometer. Jon Askeland, Vestland fylkeskommune, svarte at viss ein går vekk frå takstsoner og innfører eit slikt system, så vil prisane gå opp.

Sara Sekkingstad, Alver kommune, spurde om det er planlagd ei utviding av samkøyringsprosjektet med Nabogo. Til det var svaret at ein i første omgang har finansiert pilotprosjektet, og at ei utviding krev meir finansiering. Det er óg eit ønske om å hauste erfaringar før vidare utrulling.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 79/23 Fløyfjellstunnelen sør, val av løysing

Kjell Inge Davik, Statens vegvesen, presenterte bakgrunn for val av løysing for oppgradering av Fløyfjellstunnelen. Det er valt ei løysing med bygging av eitt nytt løp, saman med oppgradering av dagens nordgåande løp.

Vestland fylkeskommune stilte spørsmål ved dette valet, ettersom det i tidlegare fasar har blitt skissert at bygging av eitt løp har ei venta byggetid som er lenger enn alternativet med to løp. Ei lengre byggetid får konsekvensar for framdrifta til bygginga av bybanen byggetrinn 5, og er derfor uheldig. Kjell Inge Davik forklarte at SVV sine eigne berekningar tilseier at det valde alternativet ikkje vil krevje lenger byggetid, samanlikna med alternativet med to løp, og at dette valet derfor ikkje skal ha konsekvensar for framdrifta til bybanen.

Jon Askeland, Vestland fylkeskommune bad om ei tilsvarande orientering om status for ringveg aust og Nordhordlandstunnelen i neste møte.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 80/23 Trafikkdata og trafikkutvikling i by

Tor-Erik Jule Lian, Statens vegvesen, orienterte om eit pågåande arbeid som ser på korleis betre utnytte eksisterande data frå dei ulike byane med byvekstvtaler. Mellom anna blir det sett på korleis trafikkutvikling og måloppnåing kan bli framstilt på ein enkel måte, både innanfor kvart byområde og på tvers av byområda.

Ruth Grung, Bergen kommune, oppfordra til at effektar av tiltak blir betre synleggjort overfor befolkninga. Kjell Kvingedal, Statsforvaltaren, uttrykte ønske om at møta i styringsgruppa blir starta med presentasjon av nøkkeltal. Til det svarte Aina Haugstad, sekretariatet, at ulike resultat regelmessig blir presentert, men at dei kanskje ikkje er godt nok systematisert opp mot overordna måloppnåing. Dette vil det bli arbeidd med.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 81/23 Byindeks

Tor-Erik Jule Lian, Statens vegvesen, presenterte oppdaterte tal frå Byindeksen. Trafikkmengda mellom januar og august i år har gått opp 2,1 prosent frå tilsvarande periode i 2022. Samanlikna med referanseåret 2018 er trafikkmengda dei tre siste åra 2,5 prosent mindre. Det vart understreka at det er noko usikkerheit rundt tala.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 82/23 Mobilitetsveka 2023

Mobilitetsveka vart arrangert frå 16. til 22. september, med arrangement i Bjørnafjorden, Alver, Askøy, Bergen og Øygarden. Anders Kjetland, sekretariatet, summerte opp veka.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 83/23 Eventuelt byvekstvtale Bergensområdet

Involvering av kommunane ved oppgradering av tunnelar

Ruth Grung, Bergen kommune, etterlyste tidlegare involvering og dialog med Statens vegvesen før tunnelar og vegar blir stengt for oppgradering. Kommunen har omfattande døgntjenester, og nattestengde tunnelar er ei utfordring, mellom anna for tilsette som skal heim frå seinvakt. Tidleg dialog er naudsynt for at kommunen skal kunne tilpasse seg. Fleire av kommunane melde om tilsvarande problemstillingar. Det vart mellom anna peika på at mindre justeringar av stengetida kan ha stor effekt. Statens vegvesen tek med seg innspela.

Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Saksliste Bypakke Bergen

Det var ingen saker til Bypakke Bergen.